

Dato: 25.06.24

Agenda: Hovedstyremøte

Møteleder: Jan Harald Forsmo

Referent: Merethe Sæbø

Tid: 19.30 – 21.30

Sted: Møterom JSA

Medvirkende: Trond Ivar Våge, Marianne Sør-Reime,
Geir Egil Rosnes, Jan Christian Vasshus, Ådne
Skrettingland, Maren-Iren Kvía og Merethe Sæbø

Fråfall:

8/24 Godkjenning av referat og innkalling

Godkjent

9/24 Økonomi

Økonomien går framleis bra og me ligg over budsjett, men me ser at me må strama inn litt på blant anna innkjøp og bruka det me har.

I år vart det ikkje arrangert barnedisco, noko som har vore ein populær og kjekk dugnad som har gitt gode inntekter. Hovedstyret oppmodar aktuelle grupper å få gjennomført dette arrangementet.

15/24 17. mai 2024

Hovedstyret har fått tilbakemelding at dei ikkje var tilstades og hjalp til med dugnad på sjølve feiringa på Iden 17. mai i år. Hovedstyret beklager dette.

21/24 Ny daglig leder

Det var 9 søkarar til stillinga som dagleg leiar. Sigrid Lode Knutsen får tilbod om jobben. Hovedstyret ynskjer Sigrid velkommen til Varhaug IL, og håper alle i bygda vil ta godt imot ho.

22/24 Masterplan anlegget

Hovedstyret kaller inn til møte i haust for å koma i gang med å leggja ein masterplan for heile anlegget.

23/24 TV-aksjonen 20.oktober 2024

Årets TV-aksjon går til Barnekreftforeninga. Det vert informasjonsmøte 14. august kl.19.00 på Hå Frivillighetsentral. Merethe møter på dette.

24/24 Lønn tilsette i VIL

Lønnspolitikken til tilsette i VIL vart diskutert.

25/24 Informasjon frå gruppene

Me gjekk gjennom kva som rører seg i dei ulike gruppene. Mykje god aktivitet - og god lyd. Amerikansk fotball utfordra hovedstyret til å arrangera ein open dag der alle idrettane kan presentera seg sjølv. Hovedstyret arbeider vidare med dette til hausten.

Neste møte vert tysdag 13. august 2024 kl. 19.30

Referent: Merethe Sæbø

_____	_____	_____	_____
Jan Harald Forsmo	Merethe Sæbø	Trond Ivar Våge	Ådne Skrettingland

_____	_____	_____
Marianne Sør-Reime	Geir Egil Rosland	Maren Iren Kvia